

Innkalling til møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: Måndag 12. oktober kl. 09.00-11.00

Stad: Zoom: <https://uib.zoom.us/j/64425119577?pwd=MElqNXFKMWR1b0pxRE10Znk2NGlaUT09>

Meeting ID: 644 2511 9577

Password: 9h7c9s6%

Til: Heming Gujord (undervisningskoordinator), Erik Bjerck Hagen (allmenn litteraturvitenskap), Rolf Beev (digital kultur), Koenraad De Smedt (språkvitenskap), Agnete Nesse (nordisk språk), Christine Hamm (nordisk litteratur), Keld Hyldig (teatervitenskap), Aidan Conti (klassisk), Bente Knold Kiilerich (kunsthistorie), Ilka Wunderlich (norsk kursa), Endre Brunstad (lektorutdanninga), Signe Nilssen (sekretær), Arnt Robert Leganger (studentrepresentant), Markus Pold (studentrepresentant)

Saksliste

UUI-sak 18/20: Godkjenning av innkalling og saksliste	1
UUI-sak 19/20: Orienteringssaker	1
Orienteringssak 1: Referat frå førre møte.....	1
Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar	4
Orienteringssak 3: Revisjon av bachelorprogrammet i kunsthistorie	4
Orienteringssak 4: Mandat for fagkoordinatorar.....	4
UUI-sak: 20/20 Drøftingssaker	4
Drøftingssak 1: Undervisningsplanlegging vår 2021	4
Drøftingssak 2: Undervisning på tvers av fagmiljøa	4
UUI-sak 21/20: Ymist.....	4

UUI-sak 18/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Framlegg til vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste.

UUI-sak 19/20: Orienteringssaker

Orienteringssak 1: Referat frå førre møte

Godkjent på sirkulasjon i etterkant av førre møte.

Tid: Måndag 7. september kl. 09.00-10.00

Stad: Zoom: <https://uib.zoom.us/j/64441815395?pwd=NXJxUUdZZlhrzdMUFOzZWRHMDU1Zz09>

Meeting ID: 644 4181 5395

Password: OFzy6vH@

Til stades: Heming Gujord (undervisningskoordinator), Erik Bjerck Hagen (allmenn litteraturvitenskap), Rolf Beev (digital kultur), Koenraad De Smedt (språkvitenskap), Agnete Nesse (nordisk språk), Christine Hamm (nordisk litteratur), Keld Hyldig (teatervitenskap), Aidan Conti (klassisk), Bente Knold Kiilerich (kunsthistorie), Else Berit Molde (norsk kursa), Endre Brunstad (lektorutdanninga), Signe Nilssen (sekretær), Arnt Robert Leganger (studentrepresentant), Markus Pold (studentrepresentant)

Observatørar: Vegard Sørhus, Helga Ramstad Vatsaas og Elise Bekkely Røh Petersen frå studieadministrasjonen

Saksliste

UUI-sak 14/20: Godkjenning av innkalling og saksliste	1
UUI-sak 15/20: Orienteringssaker	1
Orienteringssak 1: Referat frå førre møte	1
Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar	2
UUI-sak: 16/20 Drøftingssaker	3
Drøftingssak 1: Mandat for fagkoordinatorar	3
Drøftingssak 2: Digitalisering av undervisning	4
UUI-sak 17/20: Ymist	4

UUI-sak 14/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Merknad frå Markus Pold om at sakspapira var sendt ut seint.

Vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste.

UUI-sak 15/20: Orienteringssaker

Orienteringssak 1: Referat frå førre møte

Godkjent på sirkulasjon i etterkant av førre møte.

Presisering til referatet for bolken «status i fagmiljøa» frå Endre Brunstad. Han understreka at det ikkje hadde vore meir klager som sådan frå PPU-studentane, men at det kom andre typar tilbakemeldingar enn frå lektorstudentane.

Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar

Alle UUI-medlemene får tre minutt kvar til å orientere om stoda i fag- og studentmiljøet.

Markus Pold: Ikkje så mykje å melde, studentane er glade for at det er høve til å møte opp til undervisning. Mange er redde for at alt skal bli nedstenging att. Det er forståeleg at det framleis vil vere usikkerheit kring dette.

Arnt-Robert Leganger: Det verkar som om folk er glade over å kunne møtast att, og over å ha høve til å få fysisk undervisning.

Endre Brunstad: God stemning på didaktikk. Fagmiljøet har møte kvar onsdag. Har to ekstra personar som er inne i prosentstillingar. Mest fysisk undervisning, litt digital. No er det studentar som er i karantene, og det er litt vanskeleg med hybridundervisning. Blir då digitalt.

Keld Hyldig: Situasjonen er slitsam. Vi saknar det normale, sosiale samspelet mellom kollegaer og studentar. Vi har ein kombinasjon av digital og analog undervisning. Litt vanskeleg å halde i tråden med dei som sit heime. Vi har no ein tilsetjingsprosess for ny førsteamanuensisstilling. Vanskeleg med gjennomføring av praksis.

Agnete Nesse: Vi har noko undervisning som er heilt digital, noko er fysisk. Mesteparten er hybrid. Rein film i så fall, ikkje interaksjon. Opptaka blir liggande ute ei avgrensa tid. Brukar mykje tid på å skifte rom og gi beskjed til studentane. Det går greitt, men det er tids- og arbeidskrevjande.

Rolf Beev: All undervisning er digital. Førstesemesterstudiet har òg fysisk undervisning. Vi strøymer med eigne løysingar sjølv. Har ikkje hatt utfordringar med rom- og lydproblematikken. Nokre fordelar med digital undervisning, men òg ulemper. Har difor lagt om litt, og gjer undervisninga litt kortare, og brukar heller tid på digital gruppeundervisning. Lett å få i gang dialog. Har vore rundt i gruppene for å bli kjent med dei nye studentane. Håpar dette hjelper med å behalde studentane. Stabsmøte kvar onsdag. har ikkje fått rapportar om nokon problem.

Aidan Conti: Det går stort sett greitt, vi har ikkje fått tilbakemeldingar frå studentar om at noko går dårleg. Dei fleste emna går fysisk. Eitt har hybridløysing. Litt krevjande å dele merksemd mellom campusstudentar og dei som er heime. 50 er oppmelde til LAT100, det er mange fleire enn elles!

Bente Knold Kiilerich: Vi har auke i studenttalet på 200-nivå. Vanlegvis har vi sju stykk, no har vi 25. Dei fleste emna går fysisk på campus. To store emne med 90 studentar på kvar har zoom-undervisning, men seminar i mindre, fysiske grupper. Lågt bemanna i haust i undervisninga.

Koenraad De Smedt: Vi er stort sett tilbake til fysisk undervisning, mend det er ein del studentar som ikkje kan møte, så vi må tilby strøyming. Har vore problem med strøyming og Kultura. Dette aukar tidsbruken, og det harmonerer ikkje med nedbemanning. Vanskeleg med digital heimeeksamen, strykprosenten har gått ned. Vi må sjå på det med vurdering og validitet.

Christine Hamm: Studentane er veldig glade for fysisk undervisning, men er redde for at det skal forsvinne att. Vi brukar mykje meir tid på undervisning. Vi må nedprioritere det faglege til fordel for det tekniske. Gruppearbeid er ikkje så aktuelt no når studentane ikkje kan sitje tett. Saknar variasjon i undervisninga. Fysisk undervisning er best!

Heming Gujord: Langvarig undervisning i Zoom er utfordrande, men det gjekk greitt med pausar og «break-out rooms».

Erik Bjerck Hagen: stort tolmod frå både studentar og lærarar, god støtte frå administrasjonen. Litt tekniske problem, men det kjem seg vel.

Else Berit Molde: Det har vore vanskeleg å planlegge, for det kom veldig mange fleire studentar enn vi trudde. No har vi fått inn vikarar og all undervisninga er fysisk. Det går bra. Vi går digitalt viss lærar må vere heime, eller mange studentar må. Studentar og tilsette er glade over å kunne møtast. Men det er synd å ikkje kunne flytte rundt. Semesterstart blei litt utsett. Det er ein del som ikkje har møtt. Mange fleire vil lære nynorsk! 21 studentar på nynorskkurset. Vi er like mange grupper som førre haust, litt færre i gruppene, men er fullbooka. Vi har kravd skuleeksamen. La om til mykje meir munnleg i førre semester.

UUI-sak: 16/20 Drøftingssaker

Drøftingssak 1: Mandat for fagkoordinatorar

Undervisningskoordinator Heming H. Gujord har utarbeidd eit utkast til mandat for fagkoordinatorar. Instituttleiinga ynskjer at UUI drøfter mandatet.

Innspel frå UUI:

Christine Hamm: Det er bra at det skal vere eit slikt dokument, men eg stussar litt på punkt 5. det er gjerne ikkje fagkoordinator som har kontroll på permisjonar.

Heming H. Gujord: Det er fagkoordinator som har kontroll på kva konsekvensar det får for miljøet.

Christine Hamm: Kva skal instituttleiinga gjere overfor fagkoordinatorane? Fagkoordinatorane blei prioriterte i medarbeidarsamtalane, no er det lenge sidan det har vore medarbeidarsamtalar. Det er ynkeleg at det kjem inn i dokumentet at fagkoordinatorar blir prioriterte i desse.

Koenraad De Smedt: Punkt 5 bør presiserast/omformulerast til at ved sjukdom gir fagkoordinator beskjed om langvarige konsekvensar fråværet kan gi. Generelt er dette mandatet ei klargjering av oppgåvene samanlikna med det som var gjeldande frå 2011. Det ligg for mykje ansvar for fagkoordinator. Det er ikkje fagkoordinator som har ansvar for HMS, sjå punkt 2. fagkoordinator har ikkje eit overordna ansvar for å fordele undervisning. Punkt 4. det er ikkje fagkoordinator som skal godkjenne ressursbudsjettet. Det er det leiinga som skal. Mandat for programstyre bør sjåast i samanheng med mandatet for fagkoordinatorar. Eg ynskjer meg ei oversikt over vurderingsresultat. Fagkoordinator må ha oversikt over arbeidsrekneskap og ein tabell over tiljengeleg arbeidskapasitet.

Markus Pold: Det bør tydeleggjerast i mandatet at fagkoordinator har ansvar for kontakt og samarbeid med fagutvala som allereie finst.

Arnt-Robert Leganger: Det er viktig med kontakt med fagkoordinator og studentane med tanke på programstyret til dømes. Her bør studiekonsulentane vere meir på, sjølv om det er vikarar.

Keld Hyldig: Det er ikkje mitt ansvar som fagkoordinator å lage fagutval. Det er studentane som bør gjere det.

Signe Nilssen: Initiativet til fagutvalsarbeid skal kome frå studentane sjølve. Det er viktig at fagkoordinatorar og fagmiljø er påkopla for god dialog, men studieadministrasjonen kan vere det første kontaktpunktet for studentane. Det er viktig at ikkje fagmiljøa sjølve «vel ut» studentar dei veit vil vere gode støttespelarar, men at særleg dei kritiske røystene kan få ei plattform.

Drøftingssak 2: Digitalisering av undervisning

UNIT ynskjer seg tilbakemeldingar om digital undervisning for å kartlegge erfaringar i forkant av å lage ny strateg for digitalisering.

Innspel frå UUI:

Koenraad De Smedt: Vi treng informasjon om vurderingsresultat for våren 2020.

Rolf Beev: Dokumentet vil bli diskutert komande onsdag. Det er kanskje mest hensiktsmessig at ein sender eit felles svar. Vanskeleg å vite om studentane faktisk er til stades i undervisninga.

Christine Hamm: Kva skal dokumentet tene til? Den digitale undervisninga blir ikkje opplevd som ei god erstatning for den fysiske undervisninga. Eg er uroleg for at dette blir gjort permanent sidan ein ser at det på sikt blir billegare.

Markus Pold: Studentane har sendt inn tilbakemelding til undervisningskoordinator allereie.

UUI-sak 17/20: Ymist

Ingen saker blei melde.

Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar

Alle UUI-medlemene får tre minutt kvar til å orientere om stoda i fag- og studentmiljøet.

Orienteringssak 3: Revisjon av bachelorprogrammet i kunsthistorie

Bachelorprogrammet i kunsthistorie skal gjennom ein revisjonsprosess, og ei arbeidsgruppe er oppretta. Undervisningskoordinator Heming H. Gujord orienterer.

Orienteringssak 4: Mandat for fagkoordinatorar

Mandatet for fagkoordinatorar er ferdig utarbeidd etter førre UUI-møte. Undervisningskoordinator Heming H. Gujord orienterer. Mandatet blir ettersendt.

UUI-sak: 20/20 Drøftingssaker

Drøftingssak 1: Undervisningsplanlegging vår 2021

Vi er allereie i gang med å planlegge undervisninga for våren, og ressursbudsjetta er i ferd med å bli gått gjennom. Frist for å sende inn timeplandata var i haustferien. Kva tankar har UUI om vårsemesteret 2021 med tanke på undervisningsressursar og framhald av hybride løysingar?

Drøftingssak 2: Undervisning på tvers av fagmiljøa

På LLE er det mange fagfelt som i somme tilfelle ligg nært kvarandre og/eller overlappar på nokre område. I hardt pressa fagmiljø, kan det vere nyttig å få dekkja noko av undervisninga frå nærskyldde fagmiljø der presset på undervisningskreftene ikkje er fullt så stort. Undervisningskoordinator Heming H. Gujord innleier.

UUI-sak 21/20: Ymist